
Fra: Geir Styve <geir@humorbonden.no>
Sendt: 5. desember 2016 09:29
Til: Postmottak Lindås
Emne: Att Siril Sylta - Purring på sak nr 14/6480 og 15/2558

Sak nr 14/6480 går i disse dagar inn i sitt 5 år. Fleire sakshandsamarar, ordførar og rådmann har ved ulike høve beklaga at det har teke lang tid å gje svar gjennom prosessen, og at vi har fått dårleg kundebehandling. Det same gjeld sak 15/2558 – den vart lagt vekk i 2015 utan vidare melding til oss, og vi måtte purre for å dra den igang att.

Det hjelper ikkje berre å beklage. Skal ei orsaking være truverdige og verte akseptert, så må ein straks etterpå rette opp i ting. Viss ikkje, så føler den annan part at ein berre vert haldne med tomprat og bortforklaringar. Vi kan ærleg seie at det er vår situasjon no.

Vi er fortvila over all den venting Lindås Kommune utset oss for i saker der vi er avhengige av deira avgjerd for å kome oss vidare. Det frustrerer oss også mykje med den ubalanse det er i vårt mellomværande med Lindås Kommune. Kommunen er i ein monopolsituasjon, medan vi må stå pent i køen til sakshandsamarane finn det for godt å ta fatt. Vi tenkjer også på kor lite som skal til før enn at Lindås kommune ilegg gebyr, truar med byggjestopp og tvangsinnndring, sender saker i retur osv. - dersom vi eller andre er seine eller glippar ørlite grann i formalitetane

Vi kunne naturlegvis truga med diverse meir eller mindre desperate tiltak frå vår side. Vi veljer nok ein gong å la det være, men framfører ei sterk oppmoding:

- ***Kan de no vere så snille å få unnagjort desse sakene - vi har venta meir enn lenge nok!***

Geir Styve